

Retningslinjer for tildeling av kulturmidlar.

Modalen kommune deler ut kulturmidlar til lag og organisasjonar

- som er heimehøyrande i Modalen.
- som er open for alle å ta del i.
- som arbeider innanfor ei kulturell målsetjing.
- som legg opp til eigenaktivitet, skaping, framføring eller utøving.

Søknad

Ein må søkje elektronisk gjennom kommunen si nettside www.modalen.kommune.no

Søknadsdato er 1. februar kvart år.

Laget/organisasjonen må sende inn budsjett, årsmelding og rekneskap ved søknad, jfr. krava i søknadsskjemaet.

Kriteriar for å få tildelt kulturmidlar

1. Laget/organisasjonen får tildelt kulturmidlar på grunnlag av medlemstal, driftskostnader, alderssamansetjing og aktivitetsnivå.
2. Tiltak for barn og unge skal prioriterast.
3. Laget/organisasjonen må kunne dokumentere ein kvalitet på arbeidet sitt i høve til aktiviteten.
4. Tiltak med samarbeid utover eige lag/org. skal prioriterast.
5. Laget/organisasjonen må drivast på ideellt grunnlag – non-profit.

6. Midlar til drift av lagshus skal spegle aktivitetsnivået, samt at laget/organisasjonen skal stå som eigar.

Det kan m.a. gjevast tilskot til

Amatørgrupper og teatergrupper...
Litterære aktivitetar (dikting, opplesing...).
Musikalske aktivitetar (kor, korps, band...).
Dans (folkedans, ballett...).
Biletkunst, forming...
Foto, film, kinodrift...
Kunstnariske innslag...
Drift av forsamlingslokaler....
Kulturarbeid for barn...
Ungdomsarbeid...
Kulturarbeid for eldre...
Idrett og friluftsliv...
Kulturelle tradisjonar (mat, drikke...)...

Kulturkontoret
Modalen kommune
12.01.17